

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

**Mona Røsvik Strømme (H) og Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei er styremedlem i Bybanen AS. **Kari Foseide Aakre (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i Bybanen AS. **Stein Inge Ryssdal (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett i Bybanen Utbygging. Strømme, Ljosland, Aakre og Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme, Tor André Ljosland, Kari Foseide Aakre og Stein Inge Ryssdal ikkje var inhabile.

### Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnader som skal vidarefakturert og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.